



Olav Vinje
Jordivegen 64

3890 Vinje

Delegert sak nr. 18/146

Sakshands.	Saksnr.	Løpenr.	Arkiv	Dato
LASSEMA	2018/452	5671/2018	SA5	14.03.2018

Svar på søknad om snøskuterløyve til utmarksnæring - Olav Vinje

Vedlegg:

Dokument i saka:

Søknad 10.02.18 m/kartvedlegg

Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag, LOV-1977-06-10-82

Forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag, FOR-1988-05-15-365

Retningslinjer for handsaming av søknader etter motorferdselslova, PS 119/2016

Naturmangfoldslovas §§ 8 – 12

Bakgrunn:

Olav Vinje søker om løyve til transport i samband med vedlikehald av støylen Finnebu. Finnebu blir mellom annan bruka som husvære i samband med beitetilsyn og sauesanking. Det skal òg køyrast inn slikkesteiner til sau i området. Det er søkt om løyve for perioden november – april. Finnebu ligg i Vinjerudalen, vest for Vinjerui.

Søkjær er fastbuande i Vinje, og i medhald av § 5 bokstav d) i Forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag og kommunen sine retningslinjer for handsaming av søknader etter motorferdselslova, kan det gjevast løyve til transport i samband med utmarksnæring. Løyvet kan gjevast for 4 år om gongen.

Vurdering:

Olav Vinje er son til eigar av gnr/bnr 65/3, eigar av støylen Finnebu. Det er trong for løyve i samband med vedlikehald, ettersyn og drift av støyshusvære i samband med gardsdrifta. Søknaden er vurdert slik at skadeverknadene ikkje er større enn at dei kan forsvarast av nytten av transporten.

Løyve blir gjeve for 4 år med utgangspunkt Vinjerui.

Einingsleiar sitt vedtak:

Jfr § 5 d) i Forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag blir Olav Vinje sin søknad om løyve til utmarksnæring blir innvilga. Løyvet gjeld for 4 år, fom 15.03.2018 – tom 30.04.2021

Frå fyrste måndagen i mai til snøen er berande om hausten/vinteren er all køyring ulovleg. Løyvehavar er ansvarleg for å skaffe samtykke frå grunneigara før transporten skjer.

Løyvet gjeld for ein snøskuter.

Løyvet skal alltid vere med transporten og visast fram ved kontroll.

Transporten skal nytte traséen vist i kartet som fylgjer løyvet.

Det skal nyttast registrert snøskuter med korrekt kjennemerke.

Transporten skal reduserast til eit minimum.

Køyring skal skje så skånsamt som mogleg.

Med helsing

Knut Martin Edland
næringssjef

Lasse Mathisen
landbruksrådgjevar

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Statens naturoppsyn	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM
Telemark politidistrikt	Postboks 47	3701	Skien



Løyve til utmarksnæring

Heimel: Forskrift for bruk av motorkjøretøy i utmark og på islagte vassdrag § 5 bokstav d)

Løyvet gjeld for:

Løyvet disponerast av Olav Vinje

Traseèn som skal nyttast er avmerka på kartet

Løyvet gjeld for 4 år frå og med 15.03.18 – 30.04.2021


Frå fyrste måndagen i mai til snøen er berande om hausten/vinteren er all køyring forbode.

Løyvet gjeld transport av personell og utstyr for verksemda.

Løyvehavar er sjølv ansvarleg for å skaffe samtykke frå grunneigar før transporten skjer.

Vilkår for løyvet:

- Løyvet gjeld for ein snøskuter
- Det skal nyttast registrert snøskuter med korrekt kjennemerke
- Dette løyvet skal alltid vera med transporten, og visast fram ved kontroll.
- Ferdsel skal skje så skånsamt som mogleg av omsyn til plante-, dyre- og fugleliv.



Dato

Kommunens underskrift

Stempel